

Progresjonsplan

Barnehagen skal leggje til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte moglegheiter til aktivitetar, leik og læring. Vi har laga oss ein progresjonsplan som eit hjelpemiddel for personalet når dei skal utvide og byggje på barnas interesser og gi barna nye og varierte opplevingar og erfaringar. Vi har valt å bygge planen vår på fagområdene.



Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språk kompetansen og eit mangfald kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå notid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.

1 – 2 år	3 – 4 år	5 – 6 år
<ul style="list-style-type: none"> Barna skal oppleve glede ved at språket blir tulla og tøyse med. Barna skal utvikle enkel begrepsforståing Barna sitt språk støttast ved benevning, bekrefting og gjentakning av rett ord på det barna gjer og ser. Vi brukar språket aktivt og bevisst og følg barnets initiativ ved å benevne det barnet peikar på og har interesse for. Vi brukar språket aktivt situasjonar som garderoben, bleieskift og måltid til å snakke med barnet. Barna skal reagere på namnet sitt, og kjenne igjen namn på barn og dei vaksne på si avdeling. Vi har peike- og bildebøker tilgjengeleg på avdelinga. Vi syng namnesongar. Vi legg til rette for gode samtalar Vi brukar enkle rim, regler og songar. Vi hjelp barnet med å setje ord på kjensler, barnets handlingar og inntrykk dei gjer seg i kvardagen. Barna skal få øve seg på enkle beskjedar. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal utvikle begrepsforståinga. Vi har bøker tilgjengeleg så barna kan lese sjølv. Vi les høgt bildebøker og bøker med meir tekst, ein til ein eller i mindre grupper. Barna skal kunne bruke språket for å skape gode relasjonar. Barna skal klare å fortelje om noko som skjedde i går. Vi skal oppmuntre barna til å leike med språket, gjennom rim, reglar og forteljingar. Vi oppmuntrar barna til å sjølv ta ordet og fortelje ved måltid, i samling og i andre aktivitetar. Vi oppfordrar til, og hjelp barnet med å sette ord på kjensler, ønsker, behov, opplevingar og handlingar. Vi har bilde med alfabetet hengande på vegg, slik at barna kan bli kjende med bokstavane. Barna skal øve seg på å lytte til andre og ta imot beskjedar. 	<ul style="list-style-type: none"> Barna skal ha begynnande kjennskap til gåter og vitsar. Barna skal ha eit variert ordforråd. Barna blir lest for i lengre tekstbøker og høyrer meir avanserte eventyr. Barna skal bruke språket til å uttrykke kjensler og ønsker. Barna skal bruke språket sitt til å løyse konflikhtar. Barna oppmuntrast til å igjen fortelje historier eller fortelje om hendingar. Vi legg til rette for gode samtalar som gir utvida ordforråd og som stimulera til språkutviklinga generelt. Vi har lenger dialogar i førskulegruppa. Vi er meir observerande og avventande i konfliktsituasjonar med støttar ved behov. Barna øva på og ta imot felles beskjedar. Barna reflektera rundt korleis vi snakkar til/med kvarandre Barna får erfaringar med tall, bokstavar og grunnleggande omgrep. Skrive namnet sitt.

Kropp, rørsle, mat og helse

Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på side eigne og andre sine grense.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

1 – 2 år	3 – 4 år	5 – 6 år
<ul style="list-style-type: none">• Vi støttar opp under barnas forskartrong.• Vi legg til rette for varierte fysiske aktivitetar både inne og ute.• Vi brukar nærmiljøet til å gå korte turar.• Vi brukar naturen som arena for varierte bevegelsar i ulendt terreng.• Barna skal kunne krabbe.• Barna skal kunne trille stor og liten ball.• Barna skal kunne krype, rulle og klatre.• Barna skal kunne kjenne igjen ulike kroppsdelar.• Barna skal delta på rørslesongar.• Barna skal øve seg på å klarte opp og ned frå stolen.• Vi skal hjelpe barna å etablere rutinar for handhygiene.• Barna skal få varierte smaksopplevingar.• Vi tilbyr eit variert og ernæringsrikt kosthald i barnehagen.• Vi oppmuntrar barna til å smake på forskjellig mat.• Vi har rolige og tilrettelagde måltid der dei vaksne er tilstades i måltidet	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal kunne bevege seg i ulent terreng.• Vi går tura i skogen, klatra og utforska.• Vi har faste turdagar i nærmiljøet.• Barna skal ha ein begynnande av- og påkledning.• Barna skal kunne å ta imot, og sparke stor ball.• Barna skal kunne hoppe med samla bein.• Vi har fokus på god handhygiene i forbindelse med måltid og toalett besøk.• Vaksne oppfordrar barna til å smake på ulik mat.• Vi har matdag, der barna er med.• Barna blir kjend med kroppen gjennom påkledning og opplever meistring gjennom bli sjølvhjelp• Barna oppfordrast til å kjenne etter sjølv om dei må på do, og blir elles minna på det.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal kunne springe i ulent terreng.• Barna skal kunne hinke, stå på eit bein og balansere.• Barna skal kunne kaste og ta imot ball.• Barna skal kunne klare å kle av og på seg sjølv.• Barna skal kunne delta på lengre turar• Delta i regel leik• Erfare at menneske er ulike og respektere dette.

Kunst, kultur og kreativitet

Opplevelingar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrsløse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrsløse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal leggje til rette for samhøyrsløse og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet sal personalet stimulere nysgjerrigheit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må leggje til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal bli kjende med barnesongar og rørslesongar.• Barna skal bli kjend med ulike typar formingsmateriell.• Barna skal introduserast for forskjellige fargar.• Vi skal ha samlingsstund med song og musikk.• Prosessen skal være i fokus, ikkje resultatet.• Vi skal la barna bruke kroppen til å utfolde seg kunstnarisk både gjennom song, musikk og formingsaktivitetar.• Vi skal lese bøker.• Vi gir barna impulsar i form av aktivitetar og turar.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal få lytte og danse til musikk.• Barna skal få utfolde skapargleda si.• Barna skal vere med å dramatisere.• Barna skal lære seg grunnfargane.• Vi skal være tilgjengelege for å delta i og vidareutvikle barnets rolleleik.• Barna blir oppfordra til å bruke kropp og stemme gjennom regler og song dagleg.• Vi brukar musikk for å gje barnet ulike estetiske opplevingar.• Vi oppmuntrar barna til å finne sine egne interesser gjennom ulike aktivitetar, og ved å ha ulike leikar og utstyr tilgjengeleg.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal ha tilgang på teiknesaker.• Vi skal gje barna moglegheit til å uttrykke seg kreativt for kvarandre ved å fortelje. Synge, danse og dramatisere.• Barna skal få lære seg å blande fargar.• Barna skal få kjennskap til ulike material og teknikkar.• Barna skal kunne igjenfortelje eventyr gjennom dramatisering.• Opplive ulike felles kulturopplevingar som gir næring til barnas fantasi og bearbeidast gjennom ulike uttrykksformer

Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider.

Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring. Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrslle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Vi skal skape gode turopplevingar.• Vi oppsøker naturen i nærmiljøet og har kjennskap til den.• Vi pratar om og ser på forandringane i naturen gjennom dei ulike årstidene, og undrar oss saman med barnet.• Barna skal få oppleve glede ved å vere ute.• Vi er nysgjerrige og undrar oss saman med barna over ulike fenomen.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal lære om dyr, fiskar, fuglar, insekt og plantar.• Barna skal få forske og undre seg på naturens fenomen• Barna skal få kjennskap til kvar enkelte råvarer kjem frå.• Vi tar utgangspunkt i barnets nysgjerrigheit og undrar oss saman med dei i kvardagen.• Vi brukar nærmiljøet for varierte opplevingar i naturen.• Vi legg til rette for ulike konstruksjonsleikar.• Vi brukar nærmiljøet til å gå på tur i alle årstider og i alt slags være, så barna får oppleve naturen og dei ulike endringane i naturen gjennom året.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal lære seg å ta vare på naturen.• Barna skal få oppleve naturen i alle årstider.• Personalet tar utgangspunkt i barnets nysgjerrigheit når dei legg til rette for aktivitetar.• Barna skal få innblikk i kjenne igjen ulike naturfenomen som dyrespor, insekt, vekstar, dyre lydar osv.• Barna skal få oppdage, forske og undre seg på naturens fenomen.• Barna skal få kjennskap til kor enkelte råvarer kjem ifrå• Barna skal få kjennskap til kjeldesortering• Få erfaringar med å finne fram klede tilpassa været.• Få erfaringar med bruk av teknologiske hjelpemiddel.

Mengd, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdage, utforske og skape strukturar og hjelper barna til å forstå samanhengar i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing.

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering. Orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Det handlar òg om å stille spørsmål, resonnerer, argumentere og søkje løysingar.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">• Vi gir barna moglegheit til utforsking av det fysiske miljøet gjennom leik og ulike aktivitetar.• Vi har peike- og bildebøker tilgjengeleg.• Vi ryddar og sortera leikar saman med barna.• Vi teller barna i samlingsstund og elles i kvardagen.• Vi teller konkreta i naturlege kvardagssituasjonar med barna.• Barna skal bli introdusert for ulike former i kvardagen.• Barna skal være med å rydde.• Barna skal teljast for og med.• Barna skal introduserast for enkle preposisjonar.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal møte ulike symbol, tal og geometriske forme i spel og i miljøet rundt seg.• Få erfaring med å telje opp til 20.• Barna skal introduserast for mengdeomgrep.• Barna skal kunne enkle preposisjonar.• Måle mengde og lengde ved hjelp av ulike tilrettelagde aktivitetar.• Få erfaring med å sortere i kategoriar	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal kunne mengde omgrep frå 1-9.• Barna skal igjenkjenne talla 1 – 9.• Barna skal lære preposisjonane.• Barna skal kunne namn på ulike geometriske figurar.• Barna skal kunne sortere ting i kategoriar.• Barna skal kunne setje ord på side erfaringar med rom og retning.• Få erfaring med å telje til 100.• Få kjennskap til temperaturmåling, tid og pengar.• Bli kjend med enkle matematiske omgrep som pluss og minus

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og pregar verdiar, normer og haldningar. Fagområdet ser særleg på barnehagen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag i eit samfunn som er prega av livssynsmangfald.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

1 – 2 år	2 – 3 år	4 – 5 år
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal introduserast for kva som er rett og gale.• Barna skal lære å omgåast med andre barn på ein positiv måte.• Barna skal få undre seg saman vaksne.• Barna skal møte vaksne som følg barnas initiativ og er tilgjengeleg for barnas undring og samtalar.• Møte vaksne som legg til rette for kontakt og relasjonsbygging mellom barn og bygg opp under barnas gryande vennskap og leik.• Møte vaksne som støttar barna i deira kommunikasjon med andre barn.• Barna skal gjere seg erfaringar med grunnleggjande sosial kompetanse.• Delta på markering av ulike høgtider (kulturelle tradisjonar).	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal erfare kva som er rett og gale.• Barna skal få møte vaksne som undrar seg saman med barna, stiller opne spørsmål og gir økt innsikt hos barna.• Barna skal erfare med sosial kompetanse, blant anna konflikthandtering- og løysing.• Være med på å setje ord på og snakke om ulike kjensler og bli bevisst på korleis våre handlingar påverkar andre.• Gjere seg erfaringar i samspel med andre, utvide vennsksapsrelasjonar.• Møte vaksne som legg til rette for undring og nysgjerrigheit gjennom filosofiske samtalar, samt gir tid og rom for dialog.• Barna skal få erfare at vi har kroppsspråk og ansiktsuttrykk.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal vite noko om kva som er rett og gale.• Barna skal lære å handtere konfliktsituasjonar.• Barna skal lære at menneske er forskjellige.• Barna skal ta del i filosofering rundt grunnleggjande livsspørsmål, undring over livets gang og etiske dilemma.• Barna skal ansvarleg gjerast i forhold til val dei tar og konsekvensane av desse (bevisstgjerjing av samanhengar)• Bli bevisst sin eigen identitet i samspel med andre (sjølvfølelse, sjølvbilde).• Gjere seg erfaringar med å snakke om vårt kjenslerepertoar (komplekse/sammensette kjensler)

Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhøyrsløse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familiefomar er ein del av fagområdet. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få gryande kjennskap til menneskerettane.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoritetar. Grupper med langvarig tilknytning til eit land er definerte som nasjonale minoritetar. I Noreg er kvenar/norskfinnar, jødar, skogfinnar, romar og romanifolk/taterar nasjonale minoritetar.

1 – 2 år	3 – 4 år	5 – 6 år
<ul style="list-style-type: none">• Barna skal lære namn på barn og vaksne på avdelinga.• Oppleve samfunnet i barnehagens nærmiljø, som t.d. bosstøpping, brøytebil og liknande.• Oppleve samhald og fellesskap med dei andre barna og vaksne i barnehagen.• Barna skal oppleve gruppefellesskap og kva avdeling dei høyre til.• Barna skal få møte dyr i nærmiljøet.• Barna skal få oppleve vaksne som kjenner barna og kan følgje opp deira uttrykk og behov.	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal gjere seg erfaringar i nær- og lokalmiljøet.• Barna skal få oppleve eit inkluderande miljø og at forskjellar er positivt.• Barna skal få oppleve vaksne som legg til rette for medverknad.• Barna skal få gå tur i nærmiljøet ein gong i veka.• Barna skal introduserast for kollektiv transport	<ul style="list-style-type: none">• Barna skal bli kjent med at samane er Norges UR befolkning.• Få forståing for at alle er viktige for fellesskapet.• Få besøke skulen dei skal byrje på.• Barna skal få erfare at deira initiativ påverkar kvardagen.